

Oddmund Løkensgard Hoel

## **Målstrid, modernisering og rasjonalitet**

Essay i samband med kurset "Vitskapsteori og profesjonsetikk", HiO oktober 2008, levert 11.1.2009.

Kva er eit meiningsfullt og operasjonelt rasjonalitetsomgrep i ein studie av tilhøvet mellom den nynorske målreisinga og moderniseringa av det norske samfunnet frå 1880-åra til andre verdskrigen? Det er det sentrale spørsmålet som dette essayet vil prøva å koma nærare eit svar på. Det skal med ein gong strekast under at dette arbeidet ber preg av å vera ei utprøving av nokre synspunkt tufta på ein noko sporadisk kjennskap til faglitteraturen – såleis har det eit klårt skissepreg.

### **Målstrid og modernisering – posisjonar og teoretiske tilnærmingar**

Tilhøvet mellom moderniseringa og målreisinga har lenge vore eit omstridd tema både i målstriden og i faglitteraturen. Eitt ytterpunkt kan framstillast slik at målreisinga var eit kulturelt uttrykk for det førmoderne agrarsamfunnet og må tolkast som ein forsvarsreaksjon imot moderniseringa ('hamskiftet') som skaut fart frå midten av 1800-talet.<sup>1</sup> Det andre ytterpunktet er ei tolking som ser målrørsla som ein kulturell avantgarde og ein moderniseringsagent, og som reknar målreisinga som ein sentral del av den kulturelle og politiske moderniseringa av det norske samfunnet.<sup>2</sup> I doktorgradsprosjektet mitt drøfter eg på den eine sida desse ulike tolkingane av målrørsla og venstrenasjonalismen opp imot den føreliggjande empirien, og på hi sida i lys av ulike moderniseringsteoretiske innfallsvinklar. Dei som står på det fyrste standpunktet, byggjer meir eller mindre eksplisitt på klassisk moderniseringsteori, som Ernest Gellner spissformulert har uttrykt som at "the true subject of

all modern philosophy is industrialisation”, eller som Krishan Kumar seier det i den autoritative artikkelen om ’modernization’ i *Encyclopædia Britannica*: ”To modernize a society is, first of all, to industrialize it.”<sup>3</sup> Dei som ikkje var i front når det galdt industrialisering og urbanisering, vert med dette moderniseringsteoretiske utgangspunktet raskt bakstrevarar.

Det alternative synet har, iallfall i dei sentrale realhistoriske arbeida, eit mindre eksplisitt teoretisk grunnlag, men opererer iallfall *ikkje* med industrialisering eller urbanisering som sentrale parameter på moderniseringsvilje. Klassisk moderniseringsteori har sidan 1960-åra møtt mykje motbør internasjonalt, og i doktorgradsarbeidet stør eg meg særleg til Shmuel Eisenstadts teori om multiple modernitetar. Eisenstadt har formulert teorien som eit tydeleg alternativ til ”the ’classical’ theories of modernization and of the convergence of industrial societies prevalent in the 1950s, and indeed against the classical sociological analyses of Marx, Durkheim, and (to a large extent) even of Weber, at least in one reading of his work.”<sup>4</sup> Ein av dei mest sentrale implikasjonane i teorien er at modernitet og ’vestleggjering’ (westernisation) *ikkje* er det same. Den vestlege moderniteten er rett nok eit grunnleggjande referansepunkt i heile verda, men representerer ikkje den einaste ’autentiske’ moderniteten.<sup>5</sup> For Eisenstadt-skulen står det sentralt å visa, gjennom empiriske studiar, at moderniseringa fann vidt ulike retningar og former, ikkje berre i ulike delar av verda, men òg internt i Vest-Europa, Mellom-Europa og Nord-Amerika. Med utgangspunkt i denne teorien har Eisenstadt dei seinare åra mellom anna argumentert konsekvent for at fundamentalisme, til dømes den islamske, ikkje er eit tradisjonelt, men eit høgst moderne fenomen.

I Noreg har Gunnar Skirbekk, dels med referansar til Eisenstadt, teke eit oppgjær med ideen om at moderniseringsprosessen er deterministisk og unilineær og argumentert for at det finst mange modernitetar og *alternative* moderniseringsprosessar. Dette har han interessant nok òg

gjort i eit arbeid som kjem inn på målreisinga.<sup>6</sup> Samstundes er han oppteken av å avgrensa seg mot "the *pluralist reconstruction*" og spør såleis: "What could rightly be seen as *unavoidable characteristics* of modern societies...?"<sup>7</sup> Det fyrste han fører som eit ufråcomeleg krav for å tala om eit moderne samfunn, er at det finst ein *diskursiv rasjonalitet* – "at this decisive point there is only *one modernity*."<sup>8</sup> Dette står òg sentralt i det andre punktet, som er den interne tilknytninga som moderne samfunn har til institusjonalisert vitenskapleg forskning. I eit moderne samfunn må dette vera organisert gjennom ei institusjonell differensiering som gjev eit reelt mangfald av perspektiv, noko som heng saman med det tredje punktet: eit mangfald i verdssyn og verdisyn.

## Rasjonalitetsomgrepet

I staden for industrialisering, urbanisering eller liknande, legg Skirbekk altså vekt på (diskursiv) *rasjonalitet* som sambindande og konstituerande i eit mangfald av modernitetar og moderniseringsprosessar. Denne framhevinga er utgangspunktet for at eg har funne det både viktig og interessant å drøfta rasjonalitetsomgrepet særskilt.

Faren er på den eine sida å enda med eit for vidt rasjonalitetsomgrep. Om ein legg til grunn eit hermeneutisk velgjerdsprinsipp, må ein ha som utgangspunkt at utsegner eller handlingar til ein aktør er fornuftige, og dei må tolkast slik at aktøren står fram som mest mogleg fornuftig.<sup>9</sup> Dette er ein føresetnad for å kunna forstå handlingar og ytringar – det tvingar oss til ei intellektuell openheit som tek den andre på alvor. Dette opnar i neste omgang òg for at det kan finnast *ulike* rasjonalitetar i tid og rom, på same måten som det òg kan finnast ulike modernitetar og moderniseringsveggar. Ytringar eller handlingar av aktørar i eit anna samfunn, i andre grupper eller i ein annan historisk periode kan ha sin rasjonalitet sjølv om dei bryt grunnleggjande med vår rasjonalitetsforståing. Det er eit utbreidd standpunkt i

historievitskapen at ei sentral oppgåve for historikaren er å forstå historiske aktørar gjennom å leva seg inn i deira forståingshorisont og fanga deira rasjonalitet. Også ein kritisk empirist som Jens Arup Seip slo fast at historikaren må "leve med kildene".<sup>10</sup> Samstundes må eit rasjonalitetsomgrep som skal ha relevans i høve til moderniseringsteori, nødvendigvis vera snevrare enn dette. Sjølv om ein norsk mellomalderbonde også handla fornuftig innanfor sin rasjonalitet, var ikkje dette ein type rasjonalitet som på noko rimeleg vis kan seiast å kjenneteikna ein moderniseringsprosess på 1800-talet.

Når det er sagt, har hovudproblemet vore at samfunnsvitskapen i lang tid opererte med eit trongt rasjonalitetsomgrep som har vore med på å stengja t.d. for at det kan finnast alternative moderniseringsprosessar og modernitetar. I det følgjande skal vegen frå eit trongt til eit vidare og meir komplekst rasjonalitetsomgrep strekast opp.

Dag Østerberg framhevar tre sider ved den moderne tidsalderen: Omgrepa om *det frie individet*, om *fornufta* og om *framsteget*. Dette har med orda til Erik Oddvar Eriksen og Jarle Weigård framfor alt vore "rasjonalitetens tidsalder".<sup>11</sup> Trua på fornufta var knytt til gjennombrøtet for ein vitskapleg tenkjemåte, i fyrste omgang i kontrast til ein mytisk eller religiøs tenkjemåte, i neste omgang til kjensler. Til grunn for det rasjonelle synet på verda låg opplysning og kunnskap, vitskapleg utnytting av naturen og "en rasjonell form for sosialt samkvem bygd på den kapitalistiske entreprenørs kalkulerende innstilling til omgivelsene."<sup>12</sup> I eit reindyrka cartesiansk syn vart mennesket forstått som eit aktivt og tenkjande subjekt som var medvite kva val som måtte takast for å nå definerte mål. Max Weber utvikla med dette utgangspunktet ein modell for fire handlingstypar som kan kategoriserast etter avtakande rasjonalitetsgrad: Den *formålsrasjonelle* der ein handlar for å nå bestemte definerte mål, den *verdirasjonelle* der ein handlar etter overtvinging uavhengig av resultatata, *den affektuelle* som spring ut av tidsavgrensa kjensletilstandar, og den *tradisjonelle* – åtferd styrt av vanedanning

gjennom lang tilvenning.<sup>13</sup> Webers ideal og målestokken for resten av typologien er den formålsrasjonelle handlingstypen, som han òg ser som det typiske kjenneteiknet på det vestlege moderne velorganiserte og funksjonelle samfunnet.

Innanfor klassisk moderniseringsteori som Weber var sentral i å utvikla, vert då ekspansjonen til den formålsrasjonelle handlingstypen eit kjenneteikn og målestav på moderniseringsprosessen. Samstundes bar Weber på ein ambivalens i høve til moderniseringa. Han såg òg utbreiinga av denne rasjonalitetsformen som ein fare for det moderne samfunnet – som ein mogleg dehumanisert samfunnstilstand der menneska fekk problem med å sjå meininga i tilværet.<sup>14</sup>

Etter Weber er det utvikla eit skilje innanfor den formålsrasjonelle handlingstypen mellom instrumentell og strategisk rasjonalitet for å fanga opp at menneske ikkje utgjer statiske objekt i handlingsmiljøet, men dynamiske element med sine egne handlingsplanar. Den instrumentelle er strengt teke berre gyldig innanfor enkle ikkje-sosiale situasjonar der eit einsleg menneske er omgjeve einast av materielle objekt. For å fanga opp dei sosiale situasjonane der handlingsmiljøet omfattar fleire deltakarar, vart omgrepet om *strategisk rasjonalitet* utvikla. Dette fanga opp det dynamiske i at dei ulike deltakarane kunne ha sine egne handlingsplanar som heile tida påverka handlingssituasjonen, og det har lege til grunn for spelteori og retningar som *rational choice*, *collective choice*, *social exchange theory* osv.<sup>15</sup>

## **Kommunikativ rasjonalitet**

Sjølv om predikasjonskrafta til teorien auka monaleg gjennom denne utviklinga, melde det seg etter kvart sterkt kritiske røyster til kor dekkjande han var for sosialt samspel jamvel under moderne vestlege tilhøve. Det kanskje viktigaste alternativet står Jürgen Habermas bak.

Eit kjernepunkt hjå han var at rasjonalitet ikkje kan avgrensast til noko som spring ut or medvitet til kvart einskild individ der dei ulike aktørane einast ser på kvarandre som vilkår og middel for eiga måloppnåing. Rasjonaliteten vert heile tida stadfest og omdanna mellom fleire individ, og det er denne dynamiske gjensidige forståinga om den sosiale røyndomen som konstituerer rammene som spelet utfaldar seg innanfor. Attåt dei formålsrasjonelle kategoriane instrumentell og strategisk handling, innfører Habermas difor kategorien *kommunikativ handling* som ikkje er koordinert gjennom den resultatorienteringa som ligg til grunn for formålsrasjonell handling, men gjennom *forståingsorientering*. Her vil korleis ein best kan oppnå sine eigne handlingsmål vera underordna det å koma fram til ei sams forståing med andre aktørar om kva som bør gjerast.

Rasjonalitet i snever forstand har vore nytta om utsegner som er *sanne* eller *effektive* i å nå fastsette mål, og i båd tilfelle må utsegna refererast til den objektive verda, altså kjennsgjeringar som er tilgjengelege for ei objektiv vurdering.<sup>16</sup> Eit illustrerande døme på bruken av eit snevert rasjonalitetsomgrep med relevans for doktorgradsarbeidet mitt, er analysen av militarisme som fenomen. Norskdomsrørsla var i periodar (særleg frå 1890-åra til kring 1920) sær oppteken av forsvar og militærpolitikk med klåre militaristiske innslag. Men kva er 'militarisme'? Eit teoretisk standardverk som framleis er mykje sitert og referert, er *A history of militarism* av Alfred Vagts (fyrste utg. 1937) som var eit banebrytande verk når det galdt å etablere ein brei samfunnsvitskapleg militærhistorisk forskningstradisjon. Han opnar boka med å hevda at "Every war is fought, every army is maintained in a military way and in a militaristic way. The distinction is fundamental and fateful."<sup>17</sup> Den legitime "military way" er kjenneteikna av "a primary concentration ... on winning specific objectives of power ... with the least expenditure of blood and treasure. It is limited in scope, confined to one function, and scientific in its essential qualities." Militarismen vil derimot trengja gjennom heile samfunnet og "become dominant over all industry and arts." Militarismen forkastar den

vitskaplege karakteren til "the military way" og "displays the qualities of caste and cult, authority and belief." Sagt på ein annan måte er det militarisme når ein får "a domination of the military man over the civilian, an undue preponderance of military demands, an emphasis on military considerations, spirit, ideals, and scales of value, in the life of states."<sup>18</sup> Skiljet mellom eit rasjonelt og irrasjonelt syn på militærmakta er her så konstituerande at Rolf Hobson og Tom Kristiansen med bakgrunn i Vagts har definert militarisme som "et samlebegrep for alt som avviker fra en rasjonell norm for militær maktbruk og sivilmilitære relasjonar i et moderne samfunn".<sup>19</sup> Militarismedefinisjonen til Vagts, basert på eit snevert rasjonalitetsomgrep frå samfunnsvitskapen i mellomkrigstida og den fyrste etterkrigstida, er såleis framleis særst verksam i norsk (og internasjonal) militærhistorisk forskning. Men om alle fenomen som kan kategoriserast som militarisme botnar i 'irrasjonalitet' (som vel her må tolkast som kjensler i motsetnad til fornuft), har ein i prinsippet òg avgrensa seg frå å kunna forstå dei.

Men alt hjå Weber finn ein ei form for rasjonalitet som kan forklara mykje av det Vagts og andre militærhistorikarar reknar som militarisme og difor per definisjon irrasjonelt. Webers *verdirasjonalitet*, utvikla vidare gjennom omgrepet *kontekstuell rasjonalitet*,<sup>20</sup> fangar fint opp t.d. handlingar som skal realisera militære ideal utan at dei nødvendigvis spring ut av sannings- eller resultatfordringar. Som Habermas har sagt det: Me kallar òg den rasjonell som følgjer ei eksisterande norm og som kan rettferdiggjera handlinga si overfor ein kritiker ut ifrå legitime åtferdsforventningar. Me kallar jamvel òg den rasjonell, som oppriktig ytrar "et ønske, en følelse eller en stemning, som prisgiver en hemmelighed, som vedgår en handling osv. og som kan overbevise en kritiker om den således åbenbarede oplevelse, idet han drager praktiske konsekvenser af denne og forholder sig konsistent til følgerne af disse."<sup>21</sup> Dette er òg rasjonelt fordi det kan prøvast mot kritiserbare gyldigheitsnormer, ikkje gjennom å relatera det til noko i den objektive verda, men til noko i den sams sosiale verda eller i eins eiga

subjektive verd. Men det er òg eit krav her at utsegnene i siste instans kan basera seg på *grunnar* for å bli kalla rasjonelle. ”Den, der i sine instillinger og vurderinger forholder sig så privatistisk, at disse ikke kan forklares og gøres plausible via appeller til værdistandarder, forholder sig ikke rationelt,” slår Habermas fast.<sup>22</sup>

Habermas vil ut ifrå dette innføra eit rasjonalitetsomgrep som er komplekst nok til å overvinna motsetnaden mellom ein formålsrasjonell (positivistisk) og kontekstualistisk-interpretativ (hermeneutisk) tilnæringsmåte. I staden skil han mellom tre ulike former for røyndomsrøynsler eller gyldigheitsområde. Den *objektive* verda består av føreliggjande sakstilhøve eller 'fakta'. Her rår den formålsrasjonelle handlingsmodellen anten det er snakk instrumentell eller strategisk rasjonalitet, eller om å nå definerte mål eller å nå fram til sanning. Den *sosiale* verda er derimot ein normativ kontekst som fastlegg former for samhandling mellom menneske. Desse normene har moralsk-praktisk gyldigheit og skapar åtferdsforventningar for aktørane. Og medan ein formålsrasjonell aktør berre må forhalda seg til den objektive verda, må ein sosialt kompetent aktør forhalda seg til to verder – både den objektive og den sosiale – og gjera ei avveging mellom måloppnåing og verdier. Den *subjektive* verda er sfæren av indre, personlege opplevingar som berre det einskilde subjektet har tilgang til, og som vert uttrykt gjennom ekspressive ytringar. Rasjonalitet på dette feltet lyt målast etter om aktøren gjev eit sannferdig uttrykk for sine indre opplevingar eller oppfyller eit krav om autentsitet – at aktøren maktar å uttrykkja ei genuin personleg røynsle.

Når det gjeld tilhøvet mellom dei tre verdene, peikar Eriksen og Weigård på ein interessant skilnad mellom handlingsmodellane til Weber og Habermas. Weber såg den formålsrasjonelle handlingsmodellen som idealtypisk for den moderne kulturen og fann i han den høgste graden av rasjonalisering. Habermas finn derimot den største kompleksiteten i handlingar innanfor den sosiale og den subjektive verda fordi ein her i tillegg må forhalda seg til to verder



(inkorporera objektive sakstilhøve). Konsentrerer ein seg einseitig om den objektive verda, fangar ein berre ein del av rasjonaliteten og ser bort frå grunnleggjande og dynamiske utviklingsprosessar i samfunnet. For å vera på høgda må samfunnsvitskapleg teori – i vårt tilfelle moderniseringsteori – inkorporera alle tre verder og byggja på eit fleirdimensjonalt rasjonalitetsomgrep. Og her lyt den kommunikative rasjonaliteten i den sosiale verda stå sentralt.

## **Modernisering og rasjonalitet på norsk**

Gunnar Skirbekk er alt dregen fram som ein forskar som har lagt eit omgrep om kommunikativ rasjonalitet til grunn når han har formulert synspunkt på den *norske* moderniseringsprosessen (Skirbekk nyttar helst omgrepet *diskursiv* rasjonalitet). Attåt arbeidet som alt er sitert, er eit essay for Makt- og demokratiutgreiinga særleg interessant sidan han her drøftar tilhøvet mellom rasjonalitet, kunnskap og *makt*. I ein analyse av norsk målstrid er dette høgst relevant. Idealet om den herredømfrie dialogen har alltid vore eit godt stykke unna den norske målstriden der det har rådd (og rår) eit asymmetrisk makttilhøve mellom dei tevlande språklege alternativa. Om me held oss til perioden for doktorgradsarbeidet mitt (1885-1940), var heile perioden prega av ein sterk riksmåls-/bokmålsmajoritet som dominerte dei nasjonale institusjonane og hadde støtte i dei mektigaste samfunnselitane (med det økonomiske domenet i ei særstode). Landsmåls-/nynorsksida har talmessig alltid vore i mindretal både i nasjonen sett under eitt og i sentrale nasjonale institusjonar. Samstundes greidde målrørsla gjennom perioden å utfordra riksmålshegemoniet på avgrensa maktdomene, særleg innanfor kultur, politikk, utdanning og vitskap. Resultatet var institusjonaliseringa av tospråkstoda på nasjonalt plan, særleg gjennom lovgjeving, skuleverk, kyrkje, offentleg administrasjon og kulturliv. Eit viktig grunnlag for denne motmakta har vore den sterke stoda for nynorsken i somme landsdelar.

Skirbekk brukar fyrste del av essayet på ein gjennomgang av ulike konstellasjonar mellom makt og kunnskap, fyrst den 'førmoderne', så den 'klassisk-moderne' som kan relaterast til det som er sagt ovanfor om formålsrasjonalitet og klassisk moderniseringsteori. Deretter går han, grundigare, inn på den 'postmoderne' konstellasjonen, som er ei samlenemning for ulike kritikkar av den klassisk-moderne konstellasjonen, og så til slutt den 'post-postmoderne konstellasjonen' mellom makt og kunnskap, som er den posisjonen Skirbekk sjølv vedkjenner seg. Standpunktet hans ligg nær Habermas når han meiner ein lyt operera med "eit begrep om *kommunikativ og argumentativ rasjonalitet*, som paradigmatisk motpol til begrepet om instrumentell (og strategisk) rasjonalitet."<sup>23</sup> Rasjonaliteten vert med dette å rekna som ein kontinuerleg *læringsprosess*.

Kva relevans har så dette for ein studie av norsk målstrid 1885-1940? Når Skirbekks essay vert framheva her, er det ikkje minst fordi han kjem med konkrete synspunkt som er interessante også på dette punktet. I det som i det ytre er ein gjennomgang av moglege tema for vidare forskning ut ifrå det vitskapsteoretiske grunnlaget han har skissert, formulerer Skirbekk ein modell og nokre hypotesar om moderniseringa av det norske samfunnet. Her er det underordna at noko av dette har eit dristig preg, og ærendet er slett ikkje å etterprøva det empirisk. Føremålet er heller å sjå om dette kan utviklast vidare til ein modell om rasjonalitet og modernisering i høve til norsk målstrid.

Skirbekks (hypo)tese er kort referert at i Noreg etter 1814 dominerte den praktisk orienterte formålsrasjonaliteten. Moderniseringa av Noreg til langt inn på 1900-talet kan kanskje "beskrivast som ei vellykka modernisering ut frå gjengse standardar for suksess, både ut frå framgangen i bruk av instrumentell rasjonalitet og ut frå læringsprosessane med omsyn til sosio-politisk kompetanse og kulturell refleksivitet og gjensidig anerkjenning av 'den (og det)

andre.”<sup>24</sup> I denne tida var det ”korkje tid eller trong for teoretiske funderingar over det ein dreiv med. Vi får ein særeigen norsk ’praktikalisme’ og ’modernistisk anti-intellektualisme’.” Etter andre verdskrigen kom så ein ”nedtur” – ein periode som i dette perspektivet var ”normativt uheldig og dysfunksjonell” fordi naudsynt kritikk av opplysningsprosjektet og det moderne kom i skuggen av ei lang rekkje praktiske oppgåver som måtte løysast. Den kollektive læringsprosessen vart dermed hemma, og resultatet vart ”*meir avmakt* enn vi elles kunne ha hatt.” For å setja det enno meir på spissen enn Skirbekk: Noreg har vore hemma av ei anti-intellektualistisk line frå Schweigaard til AKP (m-l) som sette stengsler for ein diskursiv rasjonalitet. Skirbekks spørsmål (som han svarar ja på) er då om etterkrigstida har vore prega av eit ubalansert ’kunnskapsregime’ (Slagstads omgrep) ved at ”instrumentell kunnskap blir prioritert på kostnad av kommunikativ og diskursiv kunnskap.” Han dreg så fram AKP (m-l) som symbol på, og det sosialdemokratiske regimet frå ’Gerhardsen til Gro’ som eit berande element i, dette uheldige kunnskapsregimet.

Eit noko uklårt punkt i Skirbekks essay er om den diskursive rasjonaliteten var eit element i moderniseringa, og då primært i ’folkedanningstradisjonen’, i overgangen mellom 18- og 1900-talet og vart trengt attende etter 1945, eller om ein diskursiv rasjonalitet aldri har hatt nokon nemnande plass innanfor norsk modernisering. Ærendet til Skirbekk er primært å stilla ein samtidsdiagnose med vekt på ’forfallet’ i etterkrigstida, og dermed blir dette òg underordna. For meg, som granskar perioden frå 1880-åra til andre verdskrigen, vert det derimot heilt sentralt. Men med den vekta Skirbekk legg på Rune Slagstads framheving av folkeopplysning og ’folkedannelse’ og hans eiga framheving av den diskursive verksemda til dei folkelege rørslene, tolkar eg han som at han meiner det fanst viktige tildriv til ein diskursiv rasjonalitet som vart trengde attende.

## Rasjonalitet og målstrid

Korleis kan så dette relaterast til norsk målstrid og målreising? Skirbekk gjer det sjølv til ein viss grad når han reiser ein hypotese om at det samtidsaktuelle spørsmålet om korleis ein skal leva i ein fleirkulturell kontekst, kan dra vekslar på røynslene frå språkstriden. Argumentet for dette er at lenge før slike spørsmål kom på dagsordenen i nasjonalstatar med større kulturell og språkleg homogenitet, kan ein i det norske samfunnet truleg etterspora ”læringsprosessar som relativt sett har ført til ein viss toleranse for språkleg mangfald og ei viss anerkjenning av ’den andre’.” På denne måten ser han såleis *målstriden* – sjølv eksistensen av ei tevling mellom to språktradisjonar og ulike talemålsvarietetar (dialektmangfald) – som eit innslag av diskursiv rasjonalitet i ein norsk moderniseringsprosess som elles har vore dominert av ein klassisk formålsrasjonalitet.

Eit spørsmål i forlenginga av dette vert om det òg er grunnlag for å hevda at målstriden samstundes var ein strid *mellom* ulike rasjonalitetsformer. Det nynorske språkprosjektet var eit sentralt element i den folkedanningstradisjonen som vart boren fram av den nasjonaldemokratiske venstrealliansen frå 1880-åra til opp i mellomkrigstida. Andre sentrale saker for den nasjonaldemokratiske alliansen var folkeopplysning og ei styrking av folkestyret. Slike ideal kan ein spora ikkje berre i ideologien, men òg i praksisen t.d. til lokalorganisasjonar i norsksdomsrørsla. Mange ungdomslag var på den eine sida kamporganisasjonar for idear om ei styring av skuleverket og det parlamentariske demokratiet, på den andre sida òg ei verkeleggjering av slike ideal gjennom sin eigen praksis. Grunnstammen i aktiviteten til mange av desse laga var opplysende føredrag om alt mellom himmel og jord og debattmøte der den frie meiningsbrytinga om meir eller mindre kontroversielle emne hadde ein eigenverdi, dels med eit oppsedande føremål: medlemene skulle øvast opp i deltaking i den store offentlege samtala. Slik kan denne rørsla både gjennom ideologi og praksis seiast å målbera eit moderniseringsprosjekt som var tufta på ein

kommunikativ eller diskursiv rasjonalitet. Desse laga illustrerer òg på mikroplan det Eisenstadt dreg fram som ein konstituerande del av moderniteten: ein innebygt kapasitet i samfunnet til kontinuerleg sjølvrefleksjon.

Skal ein hevda at målstriden var ein strid mellom ulike rasjonalitetsformer, må riksmåls-/bokmålstradisjonen på tilsvarande måte kunna knytast til ein formålsrasjonalitet. Er det grunnlag for det? Det finst iallfall to argument for å gje ein slik hypotese ein sjanse. For det fyrste stod riksmålet særleg sterkt og nynorsken særleg veikt på dei domena der formålsrasjonaliteten stod sterkast. Det galdt i særleg grad på det teknologisk-økonomiske domenet. Dette var arenaen for industrialiseringa og den tilhøyrande urbaniseringa av det norske samfunnet, og her fann ein òg den ekspanderande og stadig mektigare arbeidarrørsla. Nynorsken stod tilsvarande sterkast på dei domena der ein kan argumentera for at ein diskursiv rasjonalitet stod sterkast – utdannings- og opplysningsfeltet, det politiske domenet og delar av kultur- og vitskapslivet. For det andre kan det sjå ut som om argumentasjonen for riksmålet i større grad enn for nynorsken var instrumentell og formålsrasjonell og var tufta på ein ide om kva som var effektivt for samfunnet.

Dette kan så langt oppsummerast i følgjande modell: Moderniseringa av det norske samfunnet tok form som ein strid mellom ulike moderniseringsprosjekt, og landsmål/nynorsk og riksmål/bokmål var knytte til *ulike* moderniseringsprosjekt som i utgangspunktet ikkje kan karakteriserast som meir eller mindre moderne. Dette følgjer av eit syn som seier at det ikkje finst éin, men mange modernitetar og moderniseringsprosessar. Til dei ulike moderniseringsprosessane kan det òg knytast ulike rasjonalitetsomgrep: Medan riksmålstradisjonen stod innanfor eit moderniseringsprosjekt dominert av ein formålsrasjonalitet, var moderniseringsprosjektet som nynorsktradisjonen tilhørte, tilsvarande dominert av ein kommunikativ rasjonalitet.

Dersom denne modellen overlever ei empirisk etterprøving, noko som *ikkje* er emnet for dette essayet, kan det yta eit tilskot til forklaringa på det endra styrketilhøvet mellom skriftspråkstradisjonane gjennom 1900-talet. Kort oppsummert var nynorsken i kontinuerleg vekst fram til andre verdskrigen då kring 1/3 av folkeskuleelevane hadde nynorsk som opplæringsmål, før ein kontinuerleg nedgangs- og stagnasjonsperiode sette inn i etterkrigstida. Om riksmåls- og nynorsktradisjonane kan knytast til ulike rasjonalitetsformer, samsvarar dette godt med Skirbekks tese om at den diskursive rasjonaliteten var på vikande front i moderniseringsprosessen etter krigen. I Slagstads framstilling fell dette saman med gjennombrøtet for "die neue Sachlichkeit" i mellomkrigstida, og med May-Brith Ohman Nielsens omgrepsfesting: overgangen frå 'tale' til 'tabellar'. Som ho har sagt det i ein samanheng: Femtiårsperioden fram til kring 1930 var tida då talekompetansen, allmendanninga, generalist-dugleikane og den breie sjangerkompetansen til vestlandslærarane hadde størst sosial og politisk verdi som kulturell kapital – representert med dei store folketalarene. Utover i mellomkrigstida måtte denne politikartypen vika for dei unge reiknemeistrane – ingeniørar, økonomar og representantar for den nye saklegheita.<sup>25</sup> Det Ohman Nielsen har gripe med dette omgrepsparet, tilsvarar mykje det same som dei tevlande rasjonalitetsomgrepa hjå Skirbekk som her er sette i samanheng med målsprøsmålet.

Om denne modellen held mål, står likevel ein viktig restkategori att. Utover i mellomkrigstida fekk eit tredje språkprosjekt stadig sterkare oppslutnad – ideen om å smelta dei to skriftspråka saman til eitt. Konkrete uttrykk for dette var rettskrivingsendringane i båe skriftmål i 1917 og 1938, og dette vart Arbeidarpartiet sin språkpolitikk i ein mannsalder frå kring 1930. Korleis skal ein plassera samnorskprosjektet innanfor perspektivet som er drege opp i dette essayet?

Her vil eg prøva meg med følgjande hypotese: Samnorskprosjektet var med si sterke tru på kva 'språkingeniørar' kunne utretta med språket, eit uttrykk for det teknokratisk prega moderniseringsprosjektet som 'arbeidarpartistaten' arva frå den siste perioden til 'venstrestaten'.<sup>26</sup> På eit tidspunkt då veikskapar i målreisingsprosjektet byrja å koma til syne (stagnasjonstendensar ut gjennom mellomkrigstida; *Nidaros*-tapet i 1931) vart samnorskprosjektet eit forsøk på å fornya målreisinga innanfor det nye formålsrasjonelle paradigmet i moderniseringsprosessen som var i ferd med å bryta gjennom.

## **Avrunding**

Utgangspunktet for dette essayet var å sjå om rasjonalitetsomgrepet kunne vera ein gjevande innfallsvinkel til ein studie av tilhøvet mellom målstriden og moderniseringa av det norske samfunnet frå 1880-åra til andre verdskrigen. Det er argumentert for at det kan vera grunnlag for å setja opp ein modell der striden mellom nynorsk og riksmål/bokmål var knytt til alternative moderniseringsprosjekt med kvar sine dominerande rasjonalitetsformer. Den nynorske målreisinga vert i denne modellen knytt til ein diskursiv (eller kommunikativ) rasjonalitet, riksmålet til ein formålsrasjonalitet. Med utgangspunkt i Skirbekks makromodell for å gripa karakteristika og endringar i den norske moderniseringsprosessen, kan dette yta eit tilskot til forklaringa på kvifor framgangen til nynorsken stogga opp og vart snudd til tilbakegang i etterkrigstida. Modellen opnar dessutan for å forklara samnorskprosjektet som ei tilpassing av målreisinga til ein moderniseringsprosess med ein ekspanderande formålsrasjonalitet. Det står att å sjå om denne modellen held vatn imot ei empirisk etterprøving. Det har heller ikkje vore rom i dette essayet for å knyta omgrepsdrøftinga til ein case-studie. Men om modellen står seg, vil ein nok, om ikkje anna, iallfall ha tilført litteraturen om tilhøvet mellom moderniseringa og målstriden eit noko meir reflektert tilhøve til rasjonalitetsomgrepet.

## Notar

- <sup>1</sup> T.d. Rokkan 1987 [1967], s. 200; Nordby 1991, s. 107.
- <sup>2</sup> T.d. Nerbøvik 1999, s. 189; Høydal 2007, s. 15.
- <sup>3</sup> Gellner 1983, kap. 3; Kumar [1990].
- <sup>4</sup> Eisenstadt 2002, s. 1.
- <sup>5</sup> Eisenstadt 2002, s. 2.
- <sup>6</sup> Skirbekk 2006.
- <sup>7</sup> Skirbekk 2006, s. 34.
- <sup>8</sup> Skirbekk 2006, s. 35.
- <sup>9</sup> Føllesdal m.fl. 1986, s. 158ff; Gilje og Grimen 1995, s. 195ff.
- <sup>10</sup> Sitert etter Kjeldstadli 1999, s. 181.
- <sup>11</sup> Østerberg 1999, s. 11f; Eriksen og Weigård 1999, s. 9.
- <sup>12</sup> Eriksen og Weigård 1999, s. 9.
- <sup>13</sup> Eriksen og Weigård 1999, s. 34ff; Gilje og Grimen 1995, s. 208ff.
- <sup>14</sup> Eriksen og Weigård 1999, s. 10 og 36.
- <sup>15</sup> Eriksen og Weigård 1999, s. 37f.
- <sup>16</sup> Habermas 1997, s. 33.
- <sup>17</sup> Vagts 1967, s. 13. Den grundigaste norske presentasjonen av militarismeforståinga til Vagts er Hobson og Kristiansen 1995, s. 9ff.
- <sup>18</sup> Vagts 1967, s. 14.
- <sup>19</sup> Hobson og Kristiansen 1995, s. 8, jf. òg Andersen 1998, s. 8.
- <sup>20</sup> Eriksen og Weigård 1999, s. 44.
- <sup>21</sup> Habermas 1997, s. 40f.
- <sup>22</sup> Habermas 1997, s. 41.
- <sup>23</sup> Skirbekk 2002.
- <sup>24</sup> Skirbekk 2002.
- <sup>25</sup> Her etter Nielsen 1995, s. 86. Omgrepsparet står sentralt i doktoravhandlinga hennar om Bondepartiet (Nielsen 1997).
- <sup>26</sup> Her med omgrep frå Slagstad 1998, men dette er synspunkt eg oppfattar at det er lite fagleg strid om.

## Litteratur

- Andersen, Roy. (1998). *Opprustning og unionsstrid. Forsvarets betydning 1892-1905*. Forsvarsstudier, 4/1998. Oslo: Institutt for forsvarsstudier.
- Eisenstadt, Shmuel N. (2002). Multiple modernities. I Shmuel N. Eisenstadt (red.), *Multiple modernities* (s. 1-30). New Brunswick, N.J.: Transaction Publishers.
- Eriksen, Erik Oddvar, og Jarle Weigård. (1999). *Kommunikativ handling og deliberativt demokrati: Jürgen Habermas' teori om politikk og samfunn*. Bergen: Fagbokforl.
- Føllesdal, Dagfinn, Lars Walløe, og Jon Elster. (1986). *Argumentasjonsteori, språk og vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gellner, Ernest. (1983). *Nations and nationalism*. Oxford: Blackwell.
- Gilje, Nils, og Harald Grimen. (1995). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforl.
- Habermas, Jürgen. (1997). *Teorien om den kommunikative handlen*. Aalborg: Aalborg Universitetsforlag.
- Hobson, Rolf, og Tom Kristiansen. (1995). *Militermakt, krig og historie. En innføring i forskningen fra Clausewitz til våre dager*. IFS info, nr. 6. Oslo: Institutt for forsvarsstudier.
- Høydal, Reidun. (2007). Upp og fram! Landsgymnaset vert til. I Helge Vold og Gudleiv Forr (red.), *Landsgymnaset. Volda, Voss, Hornnes, Eidsvoll, Firda, Orkdal, Bryne, Steinkjer, Vinstra, Finnfjordbotn, Bø, Alta : historia, rektorar, lærarar, hybelliv, minne* (s. 11-68). Oslo: Samlaget.
- Kjeldstadli, Knut. (1999). *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kumar, Krishan. ([1990]). Modernization [digital versjon]. *Encyclopædia Britannica Online*. Henta 25.2.2008 frå <http://search.eb.com/eb/article-12083>.
- Nerbøvik, Jostein. (1999). *Norsk historie 1860-1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*. (Bd. 5). Oslo: Samlaget.
- Nielsen, May-Brith Ohman. (1995). Besynge og beskrive. Å spore vestlendingen i tale og tabeller. I Reidun Høydal (red.), *Nasjon - region - profesjon. Vestlandslæraren 1840-1940* (s. 43-90). Oslo: Noregs forskingsråd.



- Nielsen, May-Brith Ohman. (1997). *Jord og ord. En studie av forholdet mellom ideologi, politikk, strategi og mobilisering hos den tredje pol i det norske partisystemet. Bondepartiet 1915-1940*. Avhandling (dr. philos.) Universitetet i Bergen.
- Nordby, Trond. (1991). *Det moderne gjennombruddet i bondesamfunnet. Norge 1870-1920*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Rokkan, Stein. (1987 [1967]). Geografi, religion og samfunnsklasser: Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk. I *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi* (s. 111-205). Oslo: Universitetsforlaget.
- Skirbekk, Gunnar. (2002). *Modernitetens makt og avmakt. Vitskapsteoretiske perspektiv på kunnskap og makt*. Henta 9.1.2008, frå <http://www.sv.uio.no/mutr/publikasjoner/rapp2002/Rapport37.html>.
- Skirbekk, Gunnar. (2006). Alternative processes of modernization? With special reference to a Scandinavian case. I *Religion, modernity and rationality. Shanghai lectures* (s. 33-65). Bergen: SVT Press.
- Slagstad, Rune. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Vagts, Alfred. (1967). *A history of militarism. Civilian and military*. New York: The Free Press.
- Østerberg, Dag. (1999). *Det moderne. Et essay om Vestens kultur 1740-2000*. Oslo: Gyldendal.